

ÅRSMELDING 2022



Kursdag i Musikkrommet

Innhald

<u>Styret i 2022</u>	1	<u>Programvare</u>	4
<u>Aktive medlemmer</u>	2	<u>Møtelokale</u>	4
<u>I 2022 har Styrearbeid og aktivitetar</u>	2	<u>Sosiale opplegg</u>	4
<u>Digital festival</u>	2	<u>Rekneskap 2022, resultat og balanse</u>	5
<u>VO-midlar og Prosjektmidlar</u>	2	<u>Revisjon</u>	6
<u>Datastove Sunnfjord</u>	2	<u>Budsjett 2023</u>	7
<u>Arbeidsprogram og instruksjon</u>	3	<u>Arbeids-/aktivitetsplan 2023/2024</u>	7
<u>Undervisningsmateriell</u>	4	<u>Val 2023</u>	8

Styret i 2022

På årsmøtet den 11. mars vart dei fleste i styret attvalde, også styreleiaren. Hildur Hafstad Smådal kom inn som ny styremedlem. Styret fekk etter årsmøtet har slik samansetning:

Leiar:	Bjørg Ladehaug	Revisor:	Jon Gunnar Løland
Styremedlem:	Hildur Hafstad Smådal	Valnemnd:	Helge Hovland
Sekretær:	Ellinor Kvalstad	Medlem:	Kari Husabø Sandvik
Varamedlem:	Aslaug Vårdal Igelkjøn	Medlem:	Aud Nygård
		Varamedlem:	Astrid Farsund

Marloes Vos har forsatt som kasserar men er ikkje styremedlem

Aktive medlemmer

I medlemsregisteret til Seniornett Norge var det per 31.12.2022 registrert 121 medlemmer i Seniornett Førde. Det er 5 færre enn for eitt år sidan.

Ved slutten av 2022 hadde vi 45 aktive medlemmer som møtte på kursdagane kvar veke.

37 medlemmer har i 2022/2023 betalt kursavgift til Seniornett Førde. Av desse er 7 stk. nybegynnarar.

Styrearbeid og aktivitetar

I 2022 har vi hatt 7 styremøte og behandla 27 saker. Referata frå styremøta er lagt ut på nettsida til Seniornett Førde, følg lenka [«Møtereferat»](#) og velg år.

Digital festival

Digital Festival er eit samarbeid mellom Seniornett Førde, Førde Bibliotek og Førde Friskliv og Frivilligsenter. Digital Festival i 2022 vart arrangert torsdag 22. september i Lisjesalen i Førdehuset.

Det sentrale hovudtema i 2022 var «*Fotoglede for seniorar*». Til dette hadde vi to innslag:

- «*Fotoglede med mobil*» ved Kristin Eikås Ottesen og Dagrun Reiakvam, Reiakvam Foto
- «*Eit augeblikk frå fothistoria gjennom linsa til Olai Fauske*» ved Nadia Romero Nardelli, Sunnfjord museum



58 personar deltok på Digital festival i 2022.

VO-midlar og Prosjektmidlar

Vi har som tidlegare år nytta oss aktivt av ordninga med VO-midlar til våre kurs. Ordninga med redusert minstekrav til kursdagar og kurstimar var gjeldande også i 2022, dvs. minst 4 kurstimar per kurs.

I vårsemesteret rapporterte vi 11 kurs med 130 deltakarar, og i haustsemesteret 9 kurs med 102 deltakarar, som ga støtte på kr 30 441.

Frå Norsk Tipping har vi fått inn kr. 5365 i Grasrotmidlar. Her kan vi alle vere med å bidra ved å registrere Grasrotmidlar til Seniornett Førde. Gjennom momskompensasjonsordninga har vi fått tilbakebetalt kr. 5362. Gjennom prosjektet «Sunnfjordsk halvtime og data» fekk vi eit tilskot på kr. 50 000, med siste utbetaling på kr. 25 000 i 2022.

Datastove Sunnfjord

Etableringa av «Datastuer» er eit samarbeidsprosjekt mellom Seniornett og Pensjonistforbundet. Seniornett Førde deltar i prosjektet ved at vi i lag med Førde Pensjonistlag har oppretta «Datastove Sunnfjord». Ein komite på 4 medlemmer står for drifta. Kjell Sandnes frå pensjonistlaget er styreleiar, medan Bjørg Ladehaug er «rektor», og ordnar med annonsering, påmelding og innkalling. Dei andre i komiteen er Åsmund Rakke frå Pensjonistlaget og Ingunn Ramstad frå Seniornett.

Datastove Sunnfjord har 6-8 vegleiarar, som stort sett stiller fast, og 2-3 som kan kallast inn når dei faste har fråfall.

Vi har ikkje lykkast i å få mange påmeldte, ofte har vi hatt fleire lærarar enn elevar. Kursa blir avertert med annonse i Firda, og med plakatar på 5 sentrale møtestader.

I 2022 hadde vi tre kurs. Pandemien gjorde at vi berre kunne ha eitt kurs på våren. Alle kursa var på 3 timar fire måndagar etter kvarandre. Det var alle gongene ein-til-ein undervisning, som var lagt opp til å følge eit fastsett program. Berre 2-3 kursdeltakarar var heilt utan dataerfaring. Det blei derfor store sprik i behov, og på siste kurset blei derfor undervisninga lagt opp individuelt, ikkje minst fordi det blei undervist i mobiltelefonar og nettbrett. Tavleundervisning har vi ikkje brukt. Når det gjeld trivsel, var kursa ein suksess. Alle syntest at det var veldig nyttig, men vi kan ikkje påstå å ha oppnådd det målet Seniornett har sett.

Alle tre kurs hadde 6 deltakarar, der fire fullførte tre eller fire kursdagar.

Alle deltakarane ville anbefale kurset til andre, så vi håpar på betre oppslutning i tida som kjem.

Vi har planlagt fire kurs i 2023, to kurs om våren, og to til hausten.

Arbeidsprogram og instruksjon

Årsmøtet 2022 vedtok ein arbeids- og aktivitetsplan med vesentleg endring i aktiviteten frå hausten 2022. Planen la opp til å drive med ei nybegynnargruppe med faste kursdagar kvar torsdag slik som tidlegare. Gruppene for «vidarekomne» skulle i staden for faste kursdagar ha ein «problem-løysingsdag» ein fredag i kvar måned, pluss ein «sjølvhjelpsdag» i kvar måned.

Styret valde seinare å sjå vekk frå årsmøtevedtaket, og bestemte at vi skulle halde fram som før med kursdagar og instruksjon kvar veke både for nybegynnarane og dei «vidarekomne».

Semesterprogram

På grunnlag av styrevedtaket har vi halde fram med å lage kursprogram for kvart semester. Tidlegare har vi prøvt ulike variantar i utforming av semesterprogrammet, både med «Månadstema» og «Månadsoppgåver» der målet har vore å få kursdeltakarane til å bruke tillært kunnskap til å løyse konkrete oppgåver. Programmet for haustsemesteret i 2022 har vore utan slike variantar, men mest med gjentak og repetisjon av tema vi har hatt i programmet tidlegare. Vi har halde fram med å sende kvar gruppe e-post i forkant av kvar kursdag, med informasjon om kva vi skal arbeide med på neste kursdag. På den måten er deltakarane litt budde på emna vi skal ta opp, gjerne ved å oppsøke nettsider gjennom lenker innlagt i e-posten.

Instruktørar og hjelparar

Arne Sandnes kom inn som ny instruktør frå hausten 2022. Han har tidlegare vore dataansvarleg på landbruksavdelinga i Sogn og Fjordane, og vil kunne tilføre oss noko nytt og spennande.

Arne har i haustsemesteret vore fast instruktør for fredagasgruppene i lag med Monrad, medan Egil og Monrad har tatt seg av torsdagsgruppene. I tillegg har Marloes, Bjørg, Kurt og Borgny vore medhjelparar på opplæring for medlemmene.

Biblioteksjef Jorun Systad har også i 2022 vore gjesteforelesar med ei innføring i «*Sosiale Medium*».

Færre nye deltakarar

Dei to siste åra har vi merka mindre pågang av nye deltakararar. Nybegynnargruppa hausten 2022 er av dei minste vi har hatt, med berre 4 heilt nye deltakarar. Betyr dette at behovet for dataopplæring snart er metta i Sunnfjord? Eller er vi for lite synlege slik at folk ikkje veit om oss?

Undervisningsmaterieil

Vi tilrår framleis Magasinet frå Seniornett til innføring i og hjelp med det grunnleggande. På Seniornett si nettside kan alle elles hente mykje informasjon, m.a. frå «Tips og triks», og frå datamanualane som Seniornett Norge har utarbeidd.

Programvare

Det er ein fordel at alle deltakarane har same program på sin PC. I tillegg til Windows tilrår vi at alle installerer og brukar Office-pakke med e-postprogrammet outlook. Windows 11, den nye versjonen av Windows, er det etter kvart fleire som har på sin PC. Den nye versjonen avvik ein del frå Windows 10, som dei fleste har, noko som skaper litt utfordringar for instruktørane.

Møtelokale

Vårt kurslokale i 2022 har vore Musikkrommet i Førdehuset. Dette er eit romsleg lokale, noko som var veldig bra under dei strenge smitteverntiltak i Korona-pandemien. Jamvel med fullt frammøte greidde vi å halde nødvendig avstand mellom deltakarane.

Sosiale opplegg

Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Pauselokalet vårt i Førdehuset er ikkje det beste for å fremje sosial kontakt mellom deltakarane. Lokalet er på vintertid litt kaldt, og er dessutan plaga med støy og uro frå nærliggande område. Vi har derfor ikkje lenger den same intime atmosfæren omkring kaffipausa som vi hadde i lokala i Brunosten.



Avslutning av vårsemesteret og felles juleavslutning i desember var begge vellykka og trivlege arrangement.

Rekneskap 2022, resultat og balanse

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2022		Budsjett 2022	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	12 550,00		12 000,00	
Office - pakke	2 100,00		3 000,00	
Kaffepengar	28 736,00		13 400,00	
Kurstilskudd Studieforbund	30 441,00		50 000,00	
Medlemskontigent Seniornett Norge	16 250,00			
Norsk Tipping	5 365,01			
Annet (Momskomp. + Dam-prosjekt)	30 454,00			
Godtgjørelse til instruktører for utlegg		25 000,00		20 000,00
Servering		46 395,00		30 000,00
Eksterne kurs		3 865,00		10 000,00
Utstyr		10 178,80		11 000,00
Drift		2 582,28		2 000,00
Godtgjerdelse til tillitsvalde		1 200,00		1 200,00
Reiseutgifter		1 747,00		2 500,00
Andre utgifter		2 590,00		1 500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		218,00		200,00
Resultat		32 119,93		
Sum	125 896,01	125 896,01	78 400,00	78 400,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	125 896,01	
Sum utgifter		93 776,08
Fordringar 31.12.2022	0,00	
Gjeld 31.12.2022	0,00	0,00
Resultat (overskot) 2022		32 119,93
Sum	125 896,01	125 896,01

BALANSEKONTO per 31.12.2022

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskott 01.01.22	171 905,22	
Overskot 2022	32 119,93	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2022		204 025,15
Sum	204 025,15	204 025,15

Seniornett Førde DRIFTSREKNESKAP 2022 - RESULTAT OG BALANSE

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2022		Budsjett 2022	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	12 550,00		12 000,00	
Office - pakke	2 100,00		3 000,00	
Kaffepengar	28 736,00		13 400,00	
Kurstilskudd Studieforbund	30 441,00		50 000,00	
Medlemskontigent Seniornett Norge	16 250,00			
Norsk Tipping	5 365,01			
Annet (Momskomp. + Damn prosjekt)	30 454,00			
Godtgjørelse til instruktører for utlegg		25 000,00		20 000,00
Servering		46 395,00		30 000,00
Ekstern kurs		3 865,00		10 000,00
Utstyr		10 178,80		11 000,00
Lift		2 582,28		2 000,00
Godtgjørelse til tillitsvalde		1 200,00		1 200,00
Reiseutgifter		1 747,00		2 500,00
Andre utgifter		2 590,00		1 500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		218,00		200,00
Resultat		32 119,93		0,00
Sum	125 896,01	125 896,01	78 400,00	78 400,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	125 896,01	
Sum utgifter		93 776,08
Fordringer 31.12.2022	0,00	
Gjeld 31.12.2022	0,00	0,00
Resultat (overskot) 2022		32 119,93
Sum	125 896,01	125 896,01

BALANSEKONTO per 31.12.2022

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot 01.01.22	171 905,22	
Overskot 2022	32 119,93	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2022		204 025,15
Sum	204 025,15	204 025,15

leiar
Björg Ladehaug
 Björg Ladehaug

kasserar
 Marloes Vos

Marloes Vos

*Revisert 12/2-2023
 Jon Gunnar Lötland
 - revisor -*

Budsjett 2023

BUDSJETT 2023		
	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	14 000,00	
Officepakker	2 000,00	
Kaffipengar	30 000,00	
Kurstilskot Studieforbundet	30 000,00	
Medlemskontigent Seniornett Norge	16 000,00	
Norsk Tipping - grasrotandel	5 000,00	
Anna (Momskompensasjon + renter)	5 000,00	
Godtgjersle for utlegg til instruktører + hjelpere		30 000,00
Servering		40 000,00
Eksterne kurs		9 000,00
Utstyr		1 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00
Reiseutgifter		15 000,00
Andre utgifter		5 500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		300,00
Resultat	0,00	
Sum	102 000,00	102 000,00

Arbeids-/aktivitetsplan for sesongen 2023/2024

Styret utarbeider Arbeids-/aktivitetsplan på grunnlag av innspel og eventuelle vedtak på årsmøtet.

Val 2023

Valnemndas forslag til val 2023

Styret:

Leiar:	Knut Mikkelsen	eitt år. ny
Medlemar:	Knut Grønli	to år, ny
	Aslaug Vårdal Igelkjøn	to år, tidlegare vara
Varamedl.:	Torleif Håland	

Valnemnd:

Leiar:	Helge Hovland	eitt år
Medlemar:	Astrid Farsund	eitt år, ny (tidl vara)
	Esther Skei Klausen	
Vara:	Magnus Kapstad	